



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310

5020 BERGEN



Saksbehandlar  
Ingo Bewer

Tlf. direkte innval  
47655391

Vår ref.  
2015/3593-7

Dykkar ref.

Dato  
28.01.2016

## Svar på: Ber om meir utfyllande informasjon

Visar til Dykkar e-post frå den 27.01.16 med ynskje om utfyllande svar i.h.t.:

1. Det er starta opp eit forprosjekt på forlenging av molo. Er det grunnlagsmaterieell her som kan leggjast ved søknad om dispensasjon?
2. Rådmannen innstiller på mellombels dispensasjon. Når ser ein føre seg ferdigstilling av reguleringsplan? I følgje saksframlegget er det ikkje aktuelt med utviding av hamna på noverande tidspunkt.

Til 1. Forprosjektet er naturlegvis ein viktig del for å kunne realitetsbehandle etablering av ein fiskerihamn i området. Men det er meir basert på realisering og finansiering. Vedlagt følgjer vedlegg til formannskapsaken (rapport + illustrasjon). Føresetnad er ein vellykka dispensasjon for området.

Her følgjer lenke:

<http://innsyn.kvinnherad.kommune.no/eInnsyn/RegistryEntry/Case?caseId=45184>

Til 2. Ein kan så vidt vere einig med Fylkesmannen at ein dispensasjonsbehandling etter PBL § 19-2 er meir riktig. Det er ein selvfølgje at dispensasjonar blir tilpassar nye planer for området.

Nye reguleringsplanar for fiskerihamn er derimot førebels ikkje aktuelt.

Vi føreslår ein ny innstilling:

### Innstilling frå rådmannen:

Kvinnherad forvaltningskomitee gjev dispensasjon frå gjeldande kommunedelplan – Halsnøy, godkjent den 25.09.08 samt [PBL § 1-8](#) «Forbod mot tiltak mv. Langs sjø og vassdrag» slik at eit tiltak for 191/229 om forlenging av eksisterande molo i Kobbekbukta industrihamn kan omsøkjast og handsamast etter pbl. kap 20.

Løyve om dispensasjon er heimla i [PBL § 19-2](#), då omsyna bak planen ikkje vert vesentleg tilsidesette og fordelane ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene.

Før tiltaket kan igangsettjast må det vera omsøkt og gjeve løyve etter Plan- og bygningslova.

Med venleg helsing

Ingo Bewer  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*